
Vår referanse 2020/40985-3
Dato 30.03.2020

Jarle Kvalheim
Risasjøvegen 156
5955 LINDÅS

Dispensasjon frå byggegrense - Fv. 5498 - lager / garasje - gnr 123 bnr 41 - Alver kommune

Vi viser til søknad motteke 06.02.2020.

Vedtak

Med heimel i veglova, gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fv. 5498 for å oppføre lager / garasje på gnr. 123 bnr. 14 i Alver kommune.

Veg / stad: fv. 5498, hp 1, m 1951/ Risasjøvegen

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 20.01.2020.
2. Avstanden frå bygninga (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5498 skal vere minst 17 meter.
3. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrse må følgjast.
4. Bygninga må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga ligg nær fv.5498.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.
7. Dette vedtaket føreset at tiltaket vert gitt naudsynte dispensasjonar og byggeløyve frå kommunen.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrense langs fv. 5498 er sett til 50 meter. Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Ein dispensasjon med byggegrense min. 17 meter vil ikkje gå ut over omsynet til dette.

Rett til å klage

Vedlagt skjema [Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart mottatt. Klageinstansen er den fylkeskommunale klagenemnda. Send klagen til Vestland fylkeskommune post@vlfk.no, eller Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.

Med helsing

Hege Løvteit
Leiar

Eva Sundal
Overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg:

Situasjonsplan datert 20.01.2020
Skjema: klage over forvaltningsvedtak
Veglova § 29 og 30

Kopi til:
ALVER
KOMMUNE